

VA konferansen 2019

Ansvarer til kommunane for tilbakeslag og overvatn

Eg skal snakke om

1. Forurensingslova sin § 24 A om objektivt ansvar og kommunal ansvarsfråskrivning i standard abonnementsvilkår
2. Kommunen sitt ansvar etter Vannressurslova
3. Kommunen sitt ansvar som plan og bygningsstyresmakt

Del 1 ; § 24 A i F lova

Vi begynner med litt definisjonar:

F. lova sin §21 lyder som følgjer;

- *« Med avløpsanlegg forstås anlegg for transport og behandling av avløpsvann. Med avløpsvann forstås både sanitært og industrielt avløpsvann og overvann»*

Seinare har Høgsterett stadfesta at overflatevann skal reknast som avløpsvatn uansett om det forureina eller ikkje.

Del 1 ; § 24 A i F lova

F. lova sin §24 lyder som følgjer;

- « *Kommunen er ansvarlig for drift og vedlikehold av avløpsanlegg som helt eller delvis eies av kommunen. Ved private avløpsanlegg er eier av den eiendom som anlegget først ble anlagt for, ansvarlig for drift og vedlikehold.*»

Eigar av eit avløpsanlegg er altså også ansvarleg for tilstrekkeleg vedlikehald av anlegget

Del 1 ; § 24 A i F lova

Så kjem vi til § 24 A (fleire rettsavgjerder knytt til denne bestemmelsen)

- « *Anleggseieren er ansvarlig uten hensyn til skyld som et avløpsanlegg volder fordi kapasiteten ikke strekker til eller fordi vedlikeholdet har vært utilstrekkelig*»

Det blir altså slått fast at Anleggseigar(oftast kommunen) har altså eit objektivt ansvar for eventuelle skadar utan omsyn til skuld.

Del 1 ; § 24 A i F lova

Bruk av Standard abonnementsvilkår og Rettspraksis

Standard Abonnementsvilkår, 3.14 ;

- *Kommunen er uten ansvar for ulemper eller skader hos abonnenten (herunder leietaker, fester o. l.) eller på private vann- og avløpsanlegg eller sanitærinstallasjoner som skyldes svikt i vanntilførselen eller i avløpssystemet, herunder tilbakeslag fra offentlig avløpsanlegg, med mindre svikten skyldes forsettlig eller uaktsomt forhold fra kommunens side.*
- *Kommunen er uten ansvar hvis private vann- og avløpsanlegg eller sanitærinstallasjoner, på grunn av arbeider på det offentlige hovednettet, forurenses eller tilstoppes av rust, slam eller andre stoffer, eller får frostskaider.*

Mange (dei fleste)kommunar har vedteke Standard Abonnementvilkår

Del 1 ; § 24 A i F lova

Forholdet mellom § 24 A og Standard abonnementsvilkår har vore grunnlag for fleire rettsavgjerder også i Høgsterett

Det kan her nemnast Stavangerdommen 2007, Altadommen 2011, Fosendommen 2012, Molde 2014 og Oslo 2015.

Vi skal sjå på dei enkelte av desse dommane

Del 1 ; § 24 A i F lova

Rettspraksis;

Stavanger dommen (2007)

- Kommunen kan fråskrive seg ansvar dersom skaden/oppstuvning/tilbakeslaget skuldast eit regnver med eit gjentaksintervall større enn det anlegget var dimensjonert for. Dette var tilfellet i Stavanger – kommunen gjekk fri.

Del 1 ; § 24 A i F lova

Rettspraksis;

Alta dommen (2011)

- Men dersom skaden skuldast mangelfullt vedlikehald (Altadommen) er kommunen ansvarleg

Del 1 ; § 24 A i F lova

Fosen dommen (2012)

- Reint overvatn er altså å rekne som avløp, også når det gjeld avrenning frå vegar. Uttilstrekkeleg kapasitet eller vedlikehald av rister /sluk og påfølgjande skadar i nærleiken medfører erstatningsansvar for vegeigar. (Fosendommen)

Del 1 ; § 24 A i F lova

Molde dommen (2014)

- Skader på eigedom som ikkje er lovleg i bruk, f. eks innreidd kjellar vil kunne føre til avgrensingar av skadeerstatning (Molde dommen)

Del 1 ; § 24 A i F lova

Oslo dommen (2015)

- Setningsskadar på bygg som følgje av senka grunnvasstand. Oslo kommune blei frikjent

Del 1 ; § 24 A i F lova

Oppsummering

Kommunane kan framleis ha ansvarfråskrivning av § 24 A på visse vilkår:

- Force majeure – flaumen/nedbørsmengdene større enn det anlegget i si tid var dimensjonert for
- Kunne dokumentere at anlegget var tilstrekkeleg vedlikehalde

Del 2 ; Vannressurslova

Sentralt her er m.a. §§ 3, 5, 37 og 47

I § 3 blir eit kvart tiltak som endrar vassstraumen eller vasskvalitet definert som eit tiltak i samsvar med Vannressurslova

I §5; Alle tiltak skal gjennomførast slik at minst mogleg skade kan oppstå

§37; Tiltakshavar/eigar av anlegget er ansvarleg for tilstrekkeleg vedlikehald

§47; Tiltakshavar/eigar av anlegget kan bli ansvarleg for skade som følgje av tiltaket. Dette gjeld og eit objektivt ansvar – altså skade utan skuld

Vi skal sjå på noen eksempel om dette

Del 2 ; Vannressurslova

Nittedalsdommen (2007)

Overflatevatn frå nytt bustadfelt blei ført ut i nærliggande bekk. Vatnet blei ført til i bekken i røyr som kommunen var eigar av. 3 huseigarar nedstraums fekk vatn i kjellaren sin.

Kommunen blei dømt til å betale erstatning. Grunngeving; Kommunen hadde ikkje vurdert konsekvensane av å leie overflatevatnet frå det nye bustadområdet ut i bekken.

Del 2 ; Vannressurslova

Eidivating (2016)

Her gjalt det krav til vedlikehald. Ein bekk krysser fleire private bustadeigedommar og kulvertar fram til kommunalt veg. Her er det ei bekkelukking med om lag 60 meter langt røyr. Bekkerista blei tilstoppa og skade på tilliggande eigedommar skjedde.

Kommunen blei frikjent. Det kunne dokumenterast at halve rista var synleg kort tid før oversvømminga. Det var då ingen tendens til tilstopping

Del 3 ; Kommunen sitt ansvar som plan og bygningsmyndigheit

Kommunen sitt ansvar etter skadeerstatningslova § 2.1. - Rettsavgjerder

Saka (2006) gjaldt ansvar for setningsskader på bustadeigedom og om det skulle vore sett krav til vilkår i byggeløyvet. Kommunen blei frikjent. M.a. blei det vist til

Høgsterettuttale (1967) om kommunalt ansvar;

Når det for det første gjelder spørsmålet om kommunens ansvar, må utgangspunktet være at byggherren har ansvaret for byggegrunnen, for byggeplan og konstruksjon av hus og fundament og for utførelsen av arbeidet. Dersom kommunen skal kunne påføres ansvar for skader som oppstår på grunn av svikt på noen av disse punkter, må det påvises at bygningsmyndighetene under sin befatning med bygget har begått feil som de kan bebreides for.

Del 3 ; Kommunen sitt ansvar som plan og bygningsmyndigheit

Kommunen sitt ansvar etter skadeerstatningslova § 2.1. - Rettsavgjerder

Eidsivating 1992. Skade som følge av flaum og aktløyse frå kommunen sin side i samband med byggeløyve.

Kommunen blei frikjent. Det var ein 100 års flaum det var snakk om. Kommunen kunne ikkje forventast å kunne ta omsyn til dette i si byggesaksbehandling.

.

Del 3 ; Kommunen sitt ansvar som plan og bygningsmyndigheit

Kommunen sitt ansvar etter skadeerstatningslova § 2.1. -

MEN, nedbørsmengdene har auka 15 – 20 % dei siste 30 åra.

Dette med sikker byggegrunn og fare for flaum/ras, er eit fagområde det er sett auka fokus på dei seinare åra.